



Notat

Dato: 08.05.2014
Arkivsak: 2014/931-4
Saksbehandlar: heilars

Til: Mette Nora Sætre

Frå: Heidi Bjønnes Larsen

Utvide prosjektgruppa for Muligheitsstudiet på Hjeltnes

Våren 2013 vedtok fylkestinget som del av skulebruksplanen at «*Hjeltnes vgs vert vert oppretthalden som eiga eining til 2016, jfr. punkt 6c. HFK set i gang eit prosjekt/ mogelegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet på Hjeltnes vgs, og tek kontakt med Ulvik herad og dei ulike næringslivsorganisasjonane for samarbeid.*» Eit muligheitsstudiet for Hjeltnes vgs. blei satt i gang hausten 2013.

Arbeidet i muligheitsstudiet vert organisert med ei styringsgruppe, ei prosjektgruppe og ei referansegruppe. Styringsgruppa er oppnemnt av fylkesrådmannen. Prosjektgruppa sine faste representantar vert oppnemnt av styringsgruppa. Prosjektgruppa har mandat til å trekkje inn relevante organisasjonar og bransjar i arbeidet etter behov.

Styringsgruppa består av Regionaldirektør Bård Sandal, Organisasjonsdirektør Ingrid Kristine Holm Svendsen og Opplæringsdirektør Svein L. Heggheim.

Prosjektgruppa er samansett slik: prosjektleiar Heidi Bjønnes Larsen frå næringsseksjonen, ordfører Hans Petter Thorbjørnsen frå Ulvik herad, Leiv Vambheim frå Hardangerrådet, regionleiar Annbjørg Laupsa frå opplæringsavdelinga, rektor Gunnbjørg Øyre frå Hjeltnes vidaregåande skule og plasstillitsvalt på Hjeltnes vgs. Kåre Olai Solheim frå Delta.

Rapporten frå prosjektgruppa vil vere det viktigaste bakgrunnsmateriale for fylkesrådmann si administrative behandling før framlegging av sak til fylkestinget. Rapporten skal gje ei tilråding om konkret berekraftig aktivitet innanfor både opplæring og næring. Rapporten skal være ferdig 10. mars 2015. Saken skal handsamas av fylkestinget våren 2015.

Fruktdyrking har vore ein del av Hjeltnes sin identitet sida skulen ble opna i 1901. Hjeltnes har bidrege med viktig kompetanse til dei som ynskjer å ha frukt som næringsveg både i Hardanger og resten av landet. Hardanger er ein fruktregion med rom for å auka produksjonen. Prosjektgruppa meiner det er viktig å sjå nærmare på kva rolle Hjeltnes vidare skal ha i fruktregionen Hardanger. For å sikra at prosjektgruppa har tilstrekkelig fagkompetanse og arbeidskapasitet til å greia ut dette temaet ynskjer prosjektgruppa å ta inn eit nytt medlem i gruppa. Prosjektgruppa foreslår at Rolf Tore Djønne blir permanent medlem av prosjektgruppa. Djønne er fruktbonde og jordbrukssjef i Ulvik herad. Han har stor fagkompetanse innan frukt og bær. Han har mellom anna publisert eit informasjonsskriv for Bioforsk om økologisk epledyrking. Det er og ein fordel at han representerer administrasjonen i Ulvik herad. Rolf Tore Djønne er spurd og har takka ja til å bli ein del av prosjektgruppa. Prosjektgruppa håper at styringsgruppa stiller seg positive til forslaget.